Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 8

Tilleggsspørsmålnr.

Emne: Beit og brom.

Oppskr. av: Johan Tapper

(adresse): Vikhamar

Fylke: Sör-Tröndelag

Herad: Malvik

Bygdelag:

Gard: Vollan

G.nr. 24 Br.nr. 2

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Etter eiga röynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Beit er gamalt kjent her i bygda, som naudfor i vårknipa. Om våren för snöen gjekk av, og en ikkji kunde sleppa ut kröttera, vart det teke beit når det vart lite höy. Det vart brukt både til ku og sau og delvis til hest. Beit heitte alt björkris både med lauvknuppar og utan lauvknuppar. Nokon serskeitt beiteskeie eller beiteknive veit eg ikkji om, eg trur det vart brukt det som före fall. Beit vart brukt av husmenn småbönder og markabönder, men har ikkji vore brukt i dei siste 60 - 70 år som er noko og snakka om. Björka vart delvis heimkjöyrt i heile tre, og kvistane vart hoggi av til beit.

Til geitane vart heimkjöyrt furukvist med baret på. Det vart lagt ved husane og geitene fekk gå ut og eta bar og bork som dei ville. Noko geithald har det ikkji vore i dei siste 70-80 år her i bygda. Den gamle primitive jordbruksdrifta med svelteföring om vinteren og seterdrift om sumaren, er det ingen som har fullt kjennskap til av dei som lever no.

I gamal tid vart tang brukt som naudfor i vårknipa, av dei som var attved sjöen.

1302

2

Tang vart ogso brúkt som gjödsel av di som vålla til sjöen. Tang vart lagt i kompost, eller breidd útover jorda og plögd ned, og var ei framifrå gjödsel til havre og potet.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

1302